



Samferdselsdepartementet  
Postboks 8010 Dep.  
0030 OSLO

Dato: 05.05.2014  
Vår ref.: 2014/13939-4  
Saksbehandlar: bjomidt  
Dykkar ref.:

## Regionalt bompengeselskap i Hordaland

Fylkesrådmannen syner til Sundvollenerklæringa frå 7.10.2013, der det vart varsla ein proposisjon som drøftar samling av bompengeselskapa til eitt eller eit mindre tal selskap, om det ligg føre eit effektiviseringspotensiale. Fylkesrådmannen er kjent med Vegdirektoratet sitt utgreiingsarbeid for eventuelt å omstrukturera bompengeselskapa.

Hordaland fylkeskommune har fått utarbeidd ein rapport som syner grunnlaget for eventuelt å gjennomføra ein fusjonsprosess og selskapsetablering av eit regionalt bompengeselskap i Hordaland. Rapporten omhandlar mellom anna omtale av bompengeverksemda, val av selskapsmodell, moglege vinstar ved samanslåing av selskapa, rekneskapsmodell, moglege eigarkonsept og ein framdriftsplan som syner korleis fusjon i ein prosjektmodell kan gjennomførast.

Fylkesutvalet i Hordaland handsama 23.4.2014 saka «Regionalt bompengeselskap i Hordaland – rapport», PS 83/14, og gjorde mellom anna slikt vedtak:

*« Fylkesutvalet ber om at fylkesrådmannen tek kontakt med Samferdselsdepartementet for å avklara rammene og prosessen for bompengeselskapstrukturen. Gjev Samferdselsdepartementet klarsignal til at Hordaland fylkeskommune kan etablera eit regionalt bompengeselskap, ber fylkesutvalet om at fylkesrådmannen startar arbeidet med å etablera eit regionalt bompengeselskap i Hordaland.»*

Eit slikt nytt regionalt bompengeselskap kan ikkje etablerast utan gyldige bompengeavtalar med Vegdirektoratet. Hordaland fylkeskommune ber derfor om ei tilbakemelding frå Samferdselsdepartementet om bompengeavtalane for selskapa i Hordaland kan vidareførast i eit regionalt fusjonert bompengeselskap.

Vedlagt følgjer rapporten «Regionalt bompengeselskap i Hordaland» og fylkesutvalssak 83/2014 til orientering.

Med helsing

Johnny Stiansen  
fungerande fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Kopi: Vegdirektoratet  
Norvegfinans*

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*